



KOPI

Erling Rosnes
Lurevegen 576
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2929 - 17/32870

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.11.2017

Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 155/10 Monstad

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 155/10
Tiltakshavar: Erling Rosnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.09.2017.

Saka gjeld frådelling av eit areal oppgeve til om lag 286m². Den frådelt naustparsellen skal nyttast til eksisterande naust.

Planstatus

Eigedomen er uregulert. Den er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) avsett til LNF-føremål. Naustparsellen som ønskjas frådelt ligg innafør 100-meters beltet mot sjø.

Det er ikkje søkt om dispensasjon frå verken LNF-føremålet eller 100-meters beltet mot sjø.

Før kommunen kan ta stilling til delingsøknaden, må det søkjast om dispensasjon frå LNF-føremålet og 100-meters beltet mot sjø. Dispensasjonen skal vere grunngeven, sjå vedlagte rettleiar for dispensasjon.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- 1) Situasjonkartet må målsettas med ytre mål. Mål på ny tomt og avstand til nabogrense må opplysas.
- 2) Det må søkjast dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8.
- 3) Vegrett og parkeringsrett for naustparsellen må vere privatrettslig sikra ved avtale.
- 4) Samtykkje til tiltaket frå naboar var gjeven 18.09.2017. 14-dagers frist for nabovarselet gjekk ut 02.10.2017. Vi ber dykk opplyse om det er kome inne merknadar og evt. kommentarar til desse.



5) Det gis fritak for ny nabovarsling ifm. dispensasjonssøknadene, jf. pbl. §21-3 annet ledd då naboar er allereie orientert om tiltaket ifm. nabovarsel til delingsøknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 11.12.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon

Kopi til:

Erling Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
Johanna Maria Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
Knut Monstad Skatvedt	Lyder Sagens Gate 31	0358	OSLO

Mottakarar:

Erling Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
Johanna Maria Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM